




ÅRSMELDING  
2020



Ansvarleg for årsmeldinga: Brynjulf Stige  
Ansvarleg for indikatordata og vedlegg 2: Harald Lexander  
Ansvarleg for vedlegg 1: Liv Gunnhild Qvale  
Ansvarleg for vedlegg 3a-3d: Polyfons arbeidsgrupper  
Ansvarleg for vedlegg 4: Polyfons erfaringspanel

Fråskriving: Årsmeldinga har nytta opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR). Forfattarane av årsmeldinga er eineansvarlege for tolking og presentasjon av dei utleverte opplysningane. Registerforvaltar for NPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar baserte på dei utleverte opplysningane.

#### Foto på framsida

- Oppe til venstre: I 2020 vart musikkterapi etablert ved ReHabiliteringsklinikken ved Haukeland universitetssjukehus. Foto: Helse Bergen.
- I midten til høgre: Gjenklangfestivalen. Foto: Øystein Lydvo, Helse Bergen .
- Nede til venstre: MORO-konferansen. Foto: Brynjulf Stige, UiB.

*POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi* er koordinert av Griegakademiet, Universitetet i Bergen.  
Postadr. c/o Griegakademiet, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.  
Besøksadr.: GAMUT, Nina Griegs gt. 4, 5015 Bergen. E-post: [polyfon@uib.no](mailto:polyfon@uib.no).  
Prosjektleder: Brynjulf Stige, tlf. 971 69 746.

## Forord

2020 var det sjette og siste året i Polyfons prosjektperiode. Det vart eit spesielt år på mange måtar, først og fremst grunna korona-situasjonen, men også fordi vi måtte finne ut om det var grunnlag for å etablere klynga som ein fast samarbeidsstruktur.

Planen var opphavleg å undersøkje dette våren 2020, men korona-pandemien ville det annleis. Først i byrjinga av oktober kunne vi gå ut med invitasjonar om klyngedeltaking. Sjølv om vi i prinsippet no opnar for deltakarar frå heile landet, valde vi ei avgrensa utsending av invitasjonar i denne runden, for å sikre oss ein kvalitetssikra prosess. I neste runde går vi breiare ut til alle aktørar som ønskjer å delta i klyngesamarbeidet.


Fristen for intensjonserklæringar var 20. november. Resultatet var oppmuntrande: Sju av dei ti noverande klyngedeltakarane har kommunisert intensjon om vidare klyngedeltaking: Bergen kommune, Grieg-akademiet (UiB), Betanien/Solli/Voss DPS, Helse Bergen, Høgskulen på Vestlandet, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus og NORCE. «Gruppe Vestland» (Vestland fylkeskommune, Helse Førde og UHST) er framleis i ein prosess om spørsmålet. Haraldsplass Diakonale Sykehus har takka nei i denne omgangen, men ønskjer å vere informert og vurdere deltaking på eit seinare tidspunkt. RKBV Vest vert i framtida med i klyngesamarbeidet gjennom NORCE si deltaking. Alle ti aktørane har, så langt vi har registrert, tatt klyngedeltakinga på stort alvor og har gjennomført grundige vurderingsprosessar i eigne organisasjonar. Det er grunn til å tru at dette har auka forståinga og forankringa av kunnskapsklynga Polyfon i desse organisasjonane.

Den faglege responsen har også i hovudsak vore god når vi har vore i dialog med potensielle nye deltakarar, sjølv om responsen her naturleg nok har variert meir enn blant dei ti deltakarane som alt kjenner klynga. Vi er møtt med fagleg interesse mange stader, samstundes som det er tydeleg at denne type klyngedeltaking krev gode forankringsprosessar i dei aktuelle organisasjonane.

Samla sett: Ideen om Polyfon som ein fast samarbeidsstruktur er tatt godt i mot. Styringsgruppa for prosjektsamarbeidet gjorde i sitt siste møte den 10. desember eit samrøystes vedtak om å tilrå at Polyfon vert etablert som ei fast kunnskapsklynge. Dette vil gje heilt nye mogelegheiter for å arbeide langsiktig med klynga sine målsetjingar, og det vil opne opp for nye spennande samarbeid, både regionalt og nasjonalt.

Vi gler oss til vidare utvikling og samarbeid! Og – vi vil takke alle som har bidratt og gjort det mogeleg for Polyfon å etablere seg som eit langsiktig, forpliktande samarbeid mellom ulike, men likeverdige partnarar. Målet er – som før – at dette skal utvikle fagfeltet og kome tenester/tilbod og brukarane av desse til gode.

Helsing



Brynjulf Stige  
Leiar POLYFON



Geir Lien  
Leiar styringsgruppa i POLYFON

# Innhald

Forord	3
Innhald	4
1 Generelt om Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi	5
2 Samandrag	6
3 Kort om Polyfon-året 2020	7
Første kvartal: Nye stillingar, nytt utdanningsemne og nye møteplassar	7
Andre kvartal: Ny stipendiatstilling, nye studieplassar og ny opptaksprøvevri	10
Tredje kvartal: Nye tilbod, nye prosjekt og nye prisar	11
Fjerde kvartal: På veg mot «Nye Polyfon»	13
4 Tenesteutvikling	17
Aktivitet	17
Indikatordata og vurderingar: <i>Hovudmål</i>	18
Indikatordata og vurderingar: <i>Delmål 1</i>	19
5 Forsking og innovasjon	21
Aktivitet	21
Indikatordata og vurderingar: <i>Delmål 2</i>	22
6 Utdanning	25
Aktivitet	25
Indikatordata og vurderingar: <i>Delmål 3a</i>	26
Indikatordata og vurderingar: <i>Delmål 3b</i>	27
7 Formidling	28
Aktivitet	28
Indikatordata og vurderingar: <i>Delmål 4</i>	30
8 Samhandling	32
Arenaer for samhandling	32
Reiskapar for samhandling	32
9 Retning for vidare arbeid	33
Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for Polyfon pr. 31.12.20	34
Vedlegg 2: Polyfon-relaterte publikasjonar i 2020	35
Vedlegg 3: Årsrapportar frå arbeidsgruppene i Polyfon	38
Vedlegg 3a: Rapport 2020 for Polyfons arbeidsgruppe Barn og unges oppvekst	38
Vedlegg 3b: Rapport 2020 for Polyfons arbeidsgruppe Psykisk helse vaksne	39
Vedlegg 3c: Rapport 2020 for Polyfons arbeidsgruppe Rustenester vaksne	41
Vedlegg 3d: Rapport 2020 for Polyfons arbeidsgruppe Eldrehelse	43
Vedlegg 4: Årsrapport 2020 frå Polyfons erfaringspanel	46

# 1 Generelt om Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi vart etablert 1. januar 2015. Dei tre første åra fekk klynga økonomisk støtte frå GC Rieber Fondene, med gåveforsterking frå NFR. I andre prosjektperiode, frå 1. oktober 2017 til 31. desember 2020, har kunnskapsklynga vore sjølvfinansiert.

Frå 2021 vert Polyfon ein fast samarbeidsstruktur.

Hovudmål for klyngesamarbeidet: Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det.

Delmål:

1. Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.
2. Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.
- 3a. Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.
- 3b. Emne og/eller kurs om musikkterapi er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar, som t.d. sjukepleie-, psykolog-, lege- og lærarutdanningane.
4. Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

Klyngedeltakarar ved utgangen av 2020 er:

- Bergen kommune
- Betanien/Solli/Voss DPS
- Griegakademiet – Institutt for musikk, UiB
- Haukeland universitetssjukehus/Helse Bergen
- Helseavdelinga i NORCE Norwegian Research Centre
- Høgskulen på Vestlandet
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- Partssamarbeid Vestland (Vestland fylkeskommune, Helse Førde, Fakultet for helse- og sosialfag i HVL og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane)
- RKBU Vest – Regionalt kunnskapscenter for barn og unge (NORCE)

Det musikkterapeutiske praksisfeltet er vidt, frå arbeid med premature spedbarn til tilbod for eldre menneske. Både praksis- og forskingsfeltet omfattar også meir enn behandling i klinisk forstand, og omfattar t.d. arbeid med læring og utvikling, førebygging og oppfølging, omsorg og folkehelse.

Polyfon har så langt hatt fokus på fem praksisområde: 1) Barn og unges oppvekst, 2) Psykisk helse, 3) Rustenester, 4) Eldrehelse og 5) Palliativ behandling og omsorg. Det er etablert arbeidsgrupper for dei ulike delområda og eit erfaringspanel som omfattar alle desse delområda.

Polyfons fagråd (Scientific Advisory Committee) har ein tverrfagleg og internasjonal profil:

- Tia DeNora: Professor in Music Sociology, University of Exeter, Storbritannia
- Lars Lien: Leiar for Nasjonal kompetanseteneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidning (ROP)
- Katrina McFerran: Professor of Music Therapy, University of Melbourne, Australia
- Peter Tyrer: Professor of Community Psychiatry, Imperial College, London.

Alle deltakarar/partssamarbeid er representerte med ein representant i styringsgruppa, medan erfaringspanelet er representert med to representantar. Leiinga av klyngesamarbeidet er:

- Prosjektleder: Brynjulf Stige, UiB
- Administrativ koordinator: Liv Gunnhild Qvale, NORCE (vikarar hausten 2020: Marie Louise Ljones og Harald Lexander, NORCE)
- Leiar i styringsgruppa: Geir Lien, Haukeland universitetssjukehus
- Nestleiar i styringsgruppa: Ingvild Eide Graff, NORCE

Klynga er forankra ved Griegakademiet, UiB, og GAMUT (UiB/NORCE) koordinerer samarbeidet. For meir informasjon om klynga, sjå: Polyfon-nytt, Facebook og nettsida [www.uib.no/polyfon](http://www.uib.no/polyfon)

## 2 Samandrag

Kapittel 1 gjev eit kortfatta oversyn over målsetjingane og samarbeidsrelasjonane som definerer kunnskapsklynga Polyfon. Klynga ønskjer å bidra til kunnskapsinformert bruk av musikk som helseressurs i det norske samfunnet. Utvikling og kvalitetssikring av profesjonelle musikkterapitenester er ein nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg, del av ein slik prosess. Musikkterapeutane er den profesjonen med høgst kompetanse på området, men all musikkbruk i kvardag og klinikk har helserelaterte konsekvensar, i positiv eller negativ retning. Musikkterapeutens yrkesrolle omfattar difor også ofte rådgjeving og arbeid på systemnivå, og fagfeltet musikkterapi er tverrfagleg, der ein ikkje berre studerer profesjonell praksis, men t.d. også musikk som kvardagsressurs og folkehelseiltak.

Kapittel 3 gjev ei kronologisk skisse av noko av aktiviteten i klynga gjennom året. Første kvartal starta med etablering av fleire nye musikkterapeutstillingar og også to nye tverrfaglege undervisningstilbod. I andre kvartal var utlysing av ei ny stipendiatstilling ved Griegakademiet, etablering av podkasten Musikkterapipodden og regjeringas tildeling av nye studieplassar i musikkterapi noko av det vi kunne glede oss over. Tredje kvartal vart prega av fleire pristildelingar til musikkterapeutar, der Tora Söderström Gaden sin seier i Forsker Grand Prix 2020 må nemnast spesielt. I løpet av september fekk vi også sjå at Bergen kommune fekk på plass sitt første musikkterapeuttilbod innan psykisk helse og rustenestene sine og at forskarar ved Det psykologiske fakultet (UiB) starta opp eit tverrfagleg postdoktorprosjekt om Parkinsons sjukdom, der musikkterapi er ein viktig del. Også dei tre siste månadene i 2020 var innhaldsrike, med m.a. nye erfaringar med digitale formidlingsformer. For klynga var det store spørsmålet i denne perioden om det ville vere mogeleg å vidareføre Polyfon som ein fast samarbeidsstruktur frå og med 2021.

Kapittel 4 presenterer arbeidet med tenesteutvikling i klynga, der vi i analysen av samfunnseffekten kan støtte oss til tal frå Norsk pasientregister 2016-2020. Desse tala indikerer både at det er ein vekst i tilbod nasjonalt, trass i pandemien, og at utviklinga går særleg raskt i helseføretaka i Helse Vest, noko som etter alt å dømme eit godt stykke på veg kan knytast til samfunnseffekten av Polyfon-samarbeidet.

Kapittel 5 gjev eit oversyn over forskning og prosjektutvikling i klynga. Hovudtyngda av aktiviteten på dette feltet er naturleg nok knytt til GAMUT (UiB/NORCE), men også andre klyngedeltakarar er involverte i publisering i 2020 og i utvikling av søknader om ekstern finansiering.

Kapittel 6 presenterer aktivitet og indikatorar innan utdanning, der vi ser at Polyfon bidreg til eit samspel mellom praksisfeltet og UiBs profesjonsutdanning i musikkterapi, m.a. ved at studentane får delta i prosjektutvikling. I 2020 skjedde dette konkret gjennom eitt av Polyfons sommarstipend, der ei kartlegging av musikkterapitenester for born og unge på Vestlandet peikte på fleire spørsmål som vart oversendt til programstyret for studiet for vurdering. I løpet av året skjedde det også positiv utvikling av tverrfaglege undervisningstilbod, med eit nytt valemne i medisinstudiet, om musikk og hjernen, og ei ny vidareutdanning ved Griegakademiet, om musikk i førebyggjande arbeid med born og unge.

Kapittel 7 gjev eit oversyn over Polyfons arbeid med informasjon og kommunikasjon. I forhold til storleiken på faget, er musikkterapi synleg i nasjonale medium, og veksten i aktivitet på sosiale medium framleis god.

Kapittel 8 skisserer mekanismane for samhandling i kunnskapsklynga og kapittel 9 indikerer nokre mogeleg vegval vidare, då som ei liste over punkt som kunnskapsklyngas styringsgruppe, arbeidsgrupper og erfaringspanel kan velje å vurdere og eventuelt ta tak i. Det nye ved slutten av 2020, var at diskusjonen om framtidige vegval no handlar om vegval for ei permanent kunnskapsklynge.

### 3 Kort om Polyfon-året 2020

Her vil vi gje glimt av Polyfons siste prosjektår, med ein kronologisk presentasjon av utvalde hendingar. I kapitla som følgjer, gjev vi ein meir systematisk gjennomgang av aktivitet i og samfunnseffekt av klyngesamarbeidet. For publikasjonar og andre utgjevingar i løpet av året, sjå vedlegg 2.

Når vi her løftar fram nokre hendingar, må vi ikkje gløyme at mellom kvar hending ligg mange kvardagar. I 2020 vart somme av desse ganske krevjande, etter at koronapandemien nådde landet med tyngde i mars.

#### Første kvartal: Nye stillingar, nytt utdanningsemne og nye møteplassar

Dei første tre månadene i 2020 var hendingsrike, med etablering av nye stillingar og tilbod, eit nytt valemne i medisinstudiet og også nye møteplassar i form av konferansar:

##### Januar

Frå 1. januar var fylka Hordaland og Sogn og Fjordane historie og Vestland fylkeskommune ein realitet. I Sogn og Fjordane hadde fylkeskommunen engasjert seg i utviklinga av musikkterapifeltet heilt sidan 1983, der ein sidan 1987 hadde hatt 1-2 musikkterapistillingar knytt til kulturavdelinga. Med fusjonen vart musikkterapeut Simen L. Krogstie knytt til den nye Seksjon for kulturformidling, under Avdeling for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune. Fagområdet kultur og helse skal inngå i alt arbeid i avdelinga.



*Fagområdet kultur og helse har fått god plass i Seksjon for kulturformidling i Vestland fylkeskommune, seier musikkterapeut Simen L. Krogstie. Foto: Vestland fylkeskommune.*

Frå 1. januar var det musikkterapeut på plass i nyoppretta musikkterapistilling ved Avd. spesialisert psykosebehandling, Psykiatrisk klinikk, Haukeland universitetssjukehus. Martin Leknesund Hansen fekk stillinga.



*Å etablere eit musikkterapirom ved Psykiatrisk klinikk, Helse Bergen var ikkje gjort i ein fei. Å finne eit rom, var ein ting. Å få det til å fungere, ein annan. Men – som vi ser, etter kvart kunne musikkterapeut Martin Leknesund Hansen og klinikkdirektør Brede Aasen byrje å gle seg til å ta i bruk det nye rommet. Foto: Rune Rolvsjord, NORCE.*

Frå 1. januar var det også musikkterapeut på plass ved ReHabiliteringsklinikken, Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering, Haukeland universitetssjukehus. Musikkterapeuten Elise Marie Angeltveit, fekk stillinga.



*Siv Krüger Claussen (seksjonsleiar), Elise Marie Angeltveit (musikkterapeut) og Kjersti Erdal (klinikkdirektør), ved ReHabiliteringsklinikken ved Haukeland universitetssjukehus, gler seg til å samarbeide om utvikling av musikkterapien i dette viktige praksisfeltet. Foto: Helse Bergen.*

I andre halvdel av januar starta den første undervisninga i valemnet ELMED230 Musikk og hjernen ved det medisinske fakultet, UiB. Emnet gjev ein introduksjon til dei fysiologisk prosessane som ligg til grunn for menneskeleg musikalitet, belyser korleis langvarig musisering kan endre hjernen, og gjev dessutan ei oversikt over kva konsekvensar dette kan ha for læring og kognisjon og for musikkterapi i medisinske kontekstar. Emneansvarleg er nevrolog og pianist Geir Olve Skeie, som også er professor ved Griegakademiet. Det var 24 medisinstudentar på det første kullet på det nye valemnet, der 4 av dei kom frå UiO, dei andre frå UiB.

## Februar

11. februar fekk tre nye prosjekt støtte frå Polyfon: Sunniva Kayser Ulstein ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus fekk støtte til ein pilot til eit ph.d.-prosjekt. Lasse Tuastad ved Bjørgvin DPS/MOT82 og Griegakademiet, UiB fekk støtte til både ei brukarevaluering og ein case-studie. Sjå også kapittel 5.

13. februar fekk musikkterapistudentane David Hope Solberg og Eirik Sæle eit Polyfon sommarstipend på deling, til prosjektet «Utvikling av evalueringsverktøy for EVU-kurs, MUTP640 Musikk i forebyggende arbeid med barn og unge». Rettleiar for prosjektet er førsteamanuensis Viggo Krüger ved Griegakademiet.

19. februar gav Polyfon støtte til Stendi (tidlegare Aleris Omsorg), Kom Nærmere Oslo og Popsenteret (Oslo kommune) til etablering av Pøbelscenen Åpen Mikk i Oslo. Målet er å skape ei open scene med stor takhøgde og rom for låge skuldrar.

20. februar vart MORO-konferansen 2020 arrangert, med tett samarbeid mellom musikkterapiforskarar ved UiB og ulike fagkrefter ved Høgskulen på Vestlandet. Konferansen vart arrangert av Nettverk for musikkterapi i barn og unges oppvekst, med støtte frå NFR og Polyfon. Konferansens tema var uro, moro og ro i musikalsk samspel med barn og unge. Presentasjonane var i stor grad informerte av dialogiske og økologiske perspektiv, der uro i liten grad vart redusert til eit symptom på individnivå.



*MORO-konferansen 2020 vart eit vellukka arrangement, med god samanheng mellom konferansens tema og konferansens form. På bildet, f.v.: Maren Metell, Karin Mössler og Viggo Krüger (alle frå GAMUT) og Bente Hvidsten (Høgskulen på Vestlandet). Foto: Brynjulf Stige, UiB.*

21.-23. februar var musikkterapistudentane ved Griegakademiet, UiB, vertskap for Nordic Music Therapy Student Conference 2020. Det vart ein innhaldsrik og variert konferanse, med ein avsluttande debatt om framtida til faget og profesjonen. Tre fagtilsette ved Griegakademiet heldt kvar sitt keynote-føredrag: Tia DeNora, Brynjulf Stige og Xueli Tan, medan Anita Lid og musikkterapeut Marte Halås Anyan heldt eit engasjerande konsertføredrag om deltakarerfaringar med musikkterapi.



*Studentar frå dei ulike nordiske landa deltok under den nordiske studentkonferansen i Bergen i februar. Foto: Eirik Sæle.*

## Mars

6.-7. mars var den førte kurshelga i det nye etterutdanningstilbodet MUTP640 «Musikk som verktøy i førebyggjande arbeid med born og unge», i kurslokala til Hyssingen produksjonsskole. 25 engasjerte deltakarar hadde møtt opp, og dei hadde med seg ei rik erfaringsbreidde, frå grunnskule til vidaregåande skule, kulturskule og høgskule, frå Tromsø i nord til Kristiansand i sør.

27. mars svara Bergen kommune – Etat for barn og familie og Etat for spesialpedagogiske tiltak – positivt på ein invitasjon om å vere med-arrangørar av Polyfon-konferansen. Kontaktperson frå Bergen kommune er Kaja Elise Enge.



**polyfon**  
kunnskapsklynge for musikkterapi

**Veier til ny praksis:  
Musikkterapi og implementering**

**POLYFON-konferansen**  
10.november 2020 - **Utsatt til 2021**

*Då avtalen med etatane i Bergen kommune vart gjort, hadde vi framleis von om å arrangere Polyfon-konferansen etter planen, men konferansen er no utsett til november 2021.*

## Andre kvartal: Ny stipendiatstilling, nye studieplassar og ny opptaksprøvevri

I andre kvartal skjedde det mykje spennande ved musikkterapistudiet, m.a. med utlysing av ei ny stipendiatstilling, tildeling av nye studieplassar og gjennomføring av opptaksprøver med digital vri. I løpet av desse tre månadene såg vi også m.a. nye formidlingsprosjekt, nye politiske signal og nye kommunale planar:

### April

I byrjinga av april hadde vi nærare ein månads erfaring med bruk av musikkterapi i ein pandemi. Mange var allereie erfarne med digitale musikkterapiformat og fleire av Polyfons klyngedeltakarar synleggjorde også musikkens relevans i folkehelsesamanheng. Før påske gjekk t.d. både Bergen kommune og Vestland fylkeskommune ut med folkehelse råd i lys av pandemien, der musikkterapeutisk kunnskap om musikalsk omsorg og eigenomsorg danna grunnlag for konkrete råd. Seinare på året, i november, følgde UiB opp med å integrere musikkterapifaglege råd i kampanjen «Vær god mot deg selv».

11. april vart dei to første episodane av podkasten «Musikkterapodden» gjort tilgjengelege på Soundcloud, Apple og Spotify. Bak stod musikkterapeutane Gerd Karine Lunde Torsvik og Malena Grov Ottesen. Musikkterapodden har vorte ei fine kjelde for informasjon om musikkterapi, tilgjengeleg for alle (episodane ligg ute på [nettsida til Polyfon](#)).



*Musikkterapeutane Malena Grov Ottesen (Øyane DPS, Helse Bergen) og Gerd Karine Lunde Torsvik (Bergen kommune) står bak det som har vorte ein flott serie av engasjerande og informative episodar i Musikkterapodden. Dette er eit informasjonstiltak som Polyfon er stolte over å kunne støtte! Bildet viser Musikkterapoddens logo.*

24. april kunne Fakultet for kunst, musikk og design, UiB, melde om gode søkjartal til musikkterapistudiet og andre utdanningar ved fakultetet i 2020. Ikkje verst, må ein vel seie, gitt at søknadsfristen 15. april var midt i ein krevjande koronasituasjon.

29. april lyste Griegakademiet, UiB, ut ei stipendiatstilling innan fagområdet musikkterapi. Stillinga er tematisk knytt til UiB sitt sentrale satsingsområde «Globale samfunnsutfordringar».

### Mai

I byrjinga av mai gjorde Bergen kommune «Rapport om implementering av musikkterapi i Barne- og familie-hjelpen» tilgjengeleg. Musikkterapeut Kaja Elise Enge stod for mykje av utgreiingsarbeidet bak rapporten, under leiing av Nina Bolstad i Etat for barn og familie si avdeling for kunnskapsutvikling.

Tidleg i mai kom Helse- og omsorgskomiteens innstilling til reforma «Leve heile livet», der opposisjonen utfordra regjeringa til ei endå kraftigare satsing, der musikkterapi er trekt fram som eitt eksempel på nødvendig kompetanse for å sikre tverrfagleg satsing på meiningsfull aktivitet for eldre personar.

I midten av mai tok Nina Bolstad (Etat for barn og familie i Bergen kommune) over som ny leiar for Polyfons arbeidsgruppe for barn og unges oppvekst, etter Thomas Høiseth (tidlegare Stendi, no Allmennpsykiatrisk poliklinikk ved Betanien sykehus).

Andre halvdel av mai gjennomførte Griegakademiet for første gong *digitale* opptaksprøver til musikkterapi.



*Tidlegare år har studentane på musikkterapi-studiet ønskt søkjarane velkomne med vaflar, kaffi og sosialt samvær i kantina ved Griegakademiet. Det vart det ikkje noko av i 2020, men studentane visste råd: Dei inviterte søkjarane til å stikke innom Zoom på ein kaffi eller te! Foto: Hans Knut Sveen, UiB.*

I slutten av mai vart NPR-tala for 2019 gjort tilgjengelege. Dei viste at det framleis er store skilnader mellom helseregionane når det gjeld tal pasientar som får musikkterapitjenester. Tala kan tyde på at det systematiske samarbeidet i Polyfon bidreg til at fleire brukarar får tilgang til musikkterapi, jf. Årsmeldinga 2019.

I slutten av mai la regjeringa ut informasjon om detaljane i Utdanningsløftet 2020. På grunn av koronakrisa gjev regjeringa pengar til 4000 nye studieplassar, med særleg vekt på fagområde som samfunnet har behov for i åra som kjem. Under utdanningar i helse- og sosialfag, var det sett av midlar til 14 studieplassar i musikkterapi, 4 ved Universitetet i Bergen og 10 ved Norges musikkhøgskole.

## Juni

I byrjinga av juni vart ei ny arbeidsgruppe etablert innan feltet musikkterapi og eldrehelse, med Frode Wikne (NKS Olaviken) som leiar. Arbeidsgruppa har ei tydeleg forankring hjå leiarar og mellomleiarar i tenestene.

10.-12. juni vart Den norske musikkterapikonferansen arrangert, for første gong som ei digital hending. Fleire fagpersonar frå Polyfon-samarbeidet bidrog med føredrag, deltaking i rundebord, osv.

11. juni vart det arrangert «D'é Festival» i Fyllingsdalen, for og med personar med demens. Dei kommunale musikkterapeutane Kathrine Dahle, Gerd Karine Lunde Torsvik og Johan Klætte Torgersen, og dei gode samarbeidspartnarane deira, gjorde ein imponerende innsats for dette i pandemiåret 2020.

11. juni lanserte NMH publikasjonen «Etableringshåndbok for musikkterapi i rus- og psykisk helsetjeneste», med Torhild Kielland, Hans Petter Solli og Gro Trondalen som redaktørar. Fleire fagpersonar i Polyfon-samarbeidet har bidratt fagleg til publikasjonen.

## Tredje kvartal: Nye tilbod, nye prosjekt og nye prisar

I løpet av desse tre månadene fekk vi m.a. sjå at Bergen kommune fekk på plass sitt første musikkterapitilbod innan psykisk helse og rustenestene, at forskarar ved Det psykologiske fakultet, UiB, fekk i gong eit tverrfagleg postdoktorprosjekt der musikkterapi inngår, og at fleire musikkterapeutar vart verdsette med prisar.

## Juli

Juli er ein stille musikkterapi-månad i Noreg, men litt aktivitet var det då. 7.-8. juli vart det t.d. arrangert digital verdskonferanse i musikkterapi, med fleire bidrag frå klyngedeltakarane. Viggo Krüger (GAMUT) var t.d. ein av dei inviterte gjestene til Spotlight-sesjon 4, med fokus på innovasjon i musikkterapeutisk praksis.

## August

I byrjinga av august bidrog kommunikasjonsansvarleg Michael Viega ved Montclair State University i USA til at GAMUT-tidsskriftet Voices: A World Forum for Music Therapy når ut i nye kanalar, m.a. via Padlet, ei digital «oppslagstavle» som gjer det mogeleg å samle lenkar og ressursar og dele innspel og idear.

10. august stilte Kom Nærmere med musikalsk innslag på opninga av Alrek helseklynge, noko som bidrog til ei fin synleggjering av musikkterapifeltet i denne samanhengen.

## September

I byrjinga av september var det første musikkterapitilbodet på plass i Bergen kommunes rustenester, ved MO-Wergeland, der det frå før var bygd opp eit godt musikktilbod. Det er etterspurnad etter musikkterapitilbodet, m.a. av di fleire av brukarane har røynsle med musikkterapi frå spesialisthelsetenesta og ønskjer oppfølging. Førstebels er det snakk om ei mellombels stilling, men senteret arbeider for å utvide og utvikle tilbodet.

I byrjinga av september utnemnde styret for Fakultet for kunst, musikk og design Wolfgang Schmid ved musikkterapistudiet ved Griegakademiet til fakultetet sin første framifrå undervisar. Fakultetet skriv at siktemålet med å innføre denne merittordninga er «å anerkjenne undervisere og undervisningsmiljøer som i spesielt høyg grad bidrar til å heve kvaliteten i undervisningen ved institusjonen. Etablering gir også et større fokus på kvalitetsarbeid ved fakultetet».



*Wolfgang Schmid er ein framifrå undervisar som det vert sett pris på. Dette er viktig for fagfeltet. Musikkterapi er blant dei yngste profesjonsutdanningane ved UiB, og ei god framtid for faget er avhengig av høg kvalitet i undervisninga. I Polyfon-samanheng har Schmid m.a. vore knytt til oppbygginga av det palliative musikkterapitilbodet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus. Foto: Privat.*

17. september var det oppstartsmøte for Kjetil Vikenes postdoktorprosjekt om kva utbyte personar med Parkinsons sjukdom kan ha av å spele slagverk og å danse. Kjetil er tilsett ved Det psykologiske fakultet, medan musikkterapeut Tarjei Låstad skal stå for musikkintervensjonen. Prosjektet er finansiert av NFR og knytt til professor Karsten Spechts toppforskningsprosjekt. Vikene har motteke støtte frå Norges Parkinson Forskningsfond til finansiering av musikkterapiintervensjonen i prosjektet. Vikene sitt prosjekt er unikt ved at opplæring på slagverk (batteri) inngår i forskning på Parkinsons sjukdom. Postdoktoren argumenterer for at dette gjev brukarane spennande mogelegheiter til å arbeide med koordinering, minne og meining.



*Kjetil Vikenes sitt postdoktorprosjekt byggjer relasjonar mellom hjerneforskningsmiljøet ved UiB, musikkterapi-forskning og praksis. Prosjektet inviterer til interaksjon mellom naturvitskaplege og humanistiske kunnskapstradisjonar. Foto: Privat.*

26. september vann GAMUT-stipendiaten og NORCE-tilsette Tora Söderström Gaden den nasjonale finalen i Forsker Grand Prix 2020. Rektor ved NTNU, Anne Borg, kunne gratulere Tora som Norges beste forskningsformidlar 2020! Med dette gav Tora eit viktig bidrag til auka kunnskap om musikkterapi i det norske

samfunnet. Prosjektet Tora formidla frå er LongSTEP, eit NFR-finansiert internasjonalt prosjekt om musikkterapi og det emosjonelle bandet mellom premature spedbarn og familiarne deira. Prosjektet er leia av førsteamanuensis Claire Ghetti, UiB/NORCE.



*Illustrasjonsbildet er frå Toras tidlegare arbeid ved Akershus universitets-sjukehus, og viser Tora i sving i ein praksissituasjon. Det kan høve godt, for Toras sterke formidling er tydeleg forankra i kjærleik til praksis og dei som musikkterapeuten arbeider for og med. Foto: Silje Måseide for Akershus universitetssykehus.*

## Fjerde kvartal: På veg mot «Nye Polyfon»

Dei siste tre månadene i 2020 var innhaldsrike, med nye erfaringar med digitale formidlingsformer, nye prosjekttildelingar, ein ny strøymefestival og mykje meir. Etter at invitasjonar vart sendt ut til utvalde aktørar i månads-skiftet september/oktober, var eit sentralt spørsmål dette kvartalet om det ville vere mogeleg å vidareføre Polyfon som ei fast kunnskapsklynga frå og med 2021.

### Oktober

7. oktober la regjeringa fram forslaget sitt til statsbudsjett for 2021, med ei vidareføring av «Utdanningsløftet» som vart annonsert i slutten av mai. Med dette auka sjansane for at dei nye studie-plassane i musikkterapi kan definerast som ein fast auke. Det trengst. Tilrådingar i fleire nasjonale faglege retningslinjer frå Helsedirektoratet gjer at det er behov for fleire musikkterapeutar i samfunnet.

12. oktober arrangerte Polyfon sitt første webinar, nemleg «Praksis og forskning – hand i hand?» Webinaret vart arrangert som eit møte med klynga sitt fagråd (Scientific Advisory Committee). Det var tre innlegg: Kjetil Vikene (UiB) presenterte postdoktorprosjektet sitt om rytme, musikkterapi og Parkinsons sjukdom. Nina Bolstad og Kaja Elise Enge (Bergen kommune) presenterte arbeidet sitt med å utvikle og setje i verk planar for gode, forskningsinformerte kommunale tilbod for barn og familiar si psykiske helse. Helga Myrseth og Vegard Gunnarskog Wikne (Betanien DPS) presenterte si planlagde undersøking av korleis pasientane ved Betanien DPS brukar og opplever det varierte musikk- og musikkterapitilbodet som klinikken har utvikla.

13. oktober var den vitskaplege komiteen ferdig med å evaluere søknadene til haustens utlysing av Polyfonmidlar. Fem nye prosjekt fekk såkornmidlar:

- Psykolog Helga Myrseth og musikkterapeut Vegard Gunnarskog Wikne ved Betanien DPS fekk kr. 55 000 til prosjektet «En eksplorerende multi-kasus-studie av pasienters bedringsprosess gjennom musikkterapi»
- Musikkterapeut Lars Tuastad og medforskar Bjarte Johansen ved Bjørgvin DPS/MOT82 fekk kr. 50 000 til evalueringsprosjektet «Frå MOT82 til MOT2020».
- Førsteamanuensis Viggo Krüger ved Griegakademiet har fått kr. 60 000 til eit prosjekt om musikkterapi som førebyggjande og helsefremmande skulefritidsstiltak på barnetrinnet: «JamLab».
- Overlege/forskar Margrethe Aase Schaufel ved Lungeavdelinga ved Haukeland universitetssjukehus fekk kr. 100 000 til prosjektet «Musikkterapi for pasientar med uheldredeleg lungesjukdom».

- Musikkterapeutane Lars Tuastad (Bjørgvin DPS), Vegard Gunnarskog Wikne (Betanien DPS) og Malena Grov Ottesen (Øyane DPS) fekk – saman med medforskarane Bjarte Johansen og Ann Therese Blakstad – kr. 50 000 til prosjektet «Musikkterapi i koronaens tid».



*Ei av dei som fekk såkornmidlar frå Polyfon hausten 2020 var Margrethe Aase Schaufel, spesialist i hjartesyjukdommar, overlege og forskar ved Lungeavdelinga ved Haukeland universitetssjukehus. Prosjektet hennar er det første i Bergen der musikkterapi vert prøvd ut og evaluert innan lungebehandling. Samstundes vil prosjektet vere med på å byggje tverrfagleg kompetanse rundt musikkterapi og palliativ behandling. Foto: Privat.*

23.-25. oktober vart Strøymefestivalen Gjenklang arrangert i Hulen i Bergen, med mange band og artistar med bakgrunn frå psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Festivalen er knytt til den tretrinnsmodellen som mange av musikkterapeutane i Bergensregionen arbeider etter, der ein i tillegg til musikk som behandling og oppfølging også aktivt legg til rette for musikk som eigenaktivitet.



*Gjenklang-festivalen gjev band og artistar med erfaring frå musikkterapi ein scene for deling og formidling av musikk. Festivalen er realisert som eit samarbeid mellom erfaringskonsulentar, studentar, musikkterapeutar og andre fagtilsette i kommunar, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Foto: Øystein Lydvo. Helse Bergen.*

26. oktober vart det arrangert eit webinar om kva moglegheiter deltaking i kunnskapsklynga gjev for kommunar, helseføretak, kunnskaps- og forskingsinstitusjonar. Aktørar frå alle delar av landet deltok, inkludert fagmiljøet ved Norges musikkhøgskole i Oslo og nasjonale aktørar som Norsk forening for musikkterapi, Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon og NAPHA – Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid.

29. oktober gjorde Norsk nevrologisk forening det kjend at foreiningas formidlingspris i 2020 gjekk til Helse Bergen-nevrolog og Griegakademi-professor Geir Olve Skeie. Foreininga grunngjev tildelinga med Skeies «fantastiske formidling om musikk og hjernen .... Geir Olve har en unik evne til å vise hvordan musikken og dens påvirkning på hjernen kan brukes terapeutisk til personer med hjernesykdommer».

I slutten av oktober vart Ole Kristian Einarsen tilsett som doktorgradskandidat i prosjektet “Music, Health and Policy: Child-focused and music therapy-based health research to meet European challenges for migrant minors”. Stipendet vart tildelt Griegakademiet etter ein søknad innan UiBs satsingsområde *globale samfunnsutfordringar*. Bak prosjektet står Viggo Krüger og Brynjulf Stige frå GAMUT, Marit Skivenes frå Det samfunnsvitskapelege fakultet og Ingunn M. S. Engebretsen frå Det medisinske fakultet ved UiB.



*Den nye doktorgradskandidaten, Ole Kristian Einarsen, er utdanna musikkterapeut frå Griegakademiet. Han har som student bidrege til utvikling av faglege aktivitetar som har vore med på å bygge grunnlaget for det prosjektet som han no skal arbeide med. Foto: Privat.*

## November

I byrjinga av november la Haukeland universitetssjukehus ut evalueringsrapporten «Musikkterapi som medikamentfritt behandlingstilbud i psykosetfeltet». Helseføretaket skriv: «Majoriteten av informantane i evalueringsrapporten svarer at musikkterapi skaper motivasjon til å følgje opp dei behandlingstilboda som ein gir, samtidig som musikkterapien gir rom for pasientane til å skape trygge sosiale nettverk». Arbeidet med rapporten er finansiert av Helse Bergen og Polyfon, og musikkterapeut/forskar Lasse Tuastad og musikkterapistudent Erlend Myrhaug står bak arbeidet.

14. november lanserte UiB informasjonsportalen #Værgodmotdegself, som respons på den krevjande koronasituasjonen. Rektor Dag Rune Olsen skreiv m.a.: «På portalen får du forskningsbaserte tips til blant annet fysisk aktivitet, søvn, musikkterapi og studieteknikk. Vi håper alle tar i bruk den nye portalen, og at dere får et utbytte av den. Vi håper at dere gjennom #værgodmotdegself blir motiverte til å fortsette studiene, og at dere kan få en følelse av at dere er en del av et fellesskap, selv om det ikke er på campus.»

18. november vann Kinn kommune «Leve hele livet»-prisen 2020. Kommunens musikkterapitilbod var ein tydeleg del av juryens grunngeving. Dette er tilbod som er utvikla m.a. i samspel med Polyfon-deltakarane UHST Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune. Ved utdelinga av prisen, framheva Helse- og omsorgsminister Bent Høie kommunen som eit døme til etterfølging, m.a. fordi brukarperspektivet står sentralt i kommunens arbeid og fordi ein har makta å kombinere langsiktig kommunalt planarbeid med lokalt engasjement for å halde oppe aktive og meningsfulle dagar for dei eldre.

25. november arrangerte GAMUT, ved Viggo Krüger, eit tverrfagleg digitalt seminar med tittelen *Migrasjon, kultur og deltaking*. Seminaret var arrangert med støtte frå UiBs satsing «Globale samfunnsutfordringar», som eit samarbeid mellom forskingsmiljø ved Universitetet i Bergen, NORCE og Høgskulen på Vestlandet.

## Desember

10. desember: Ei samrøystes styringsgruppe tilrår at Polyfon vert ein fast samarbeidsstruktur, der det vert opna for deltakarar frå alle delar av landet. Dette gjev grunnar til å tru at vi i åra framover kan få ei styrking av musikkterapi som eit tverrfagleg forskingsfelt og ei spreing nasjonalt av den oppbygginga av kvalitetssikra musikkterapitenester som kommunar og helseføretak i Bergens- og Vestlandsregionen har stått for i Polyfons prosjektperiode.

Vi tar med kommentarar publiserte i eit nyhendeoppslag på GAMUT sine nettsider:



*« Dette er en gledens dag og et viktig steg i arbeidet med å gjøre musikkterapeutiske tjenester tilgjengelig for de som ønsker og trenger dette » seier styringsgruppeleder Geir Lien, som til dagleg er spesialrådgjevar ved Haukeland universitetssjukehus. Foto: Privat.*



*« Vi gleder oss til fortsatt samarbeid og har store forventninger til klynga som en særlig ressurs i samarbeidet mellom forskning, praksisfelt og utdanning », seier instituttleiar Randi Rolvsjord ved Griegakademiet, UiB. Foto: Privat.*



*« Det er utruleg inspirerende å sjå engasjementet som klyngedeltakarane viser, med vilje til langsiktig forplikting i utvikling av musikkterapifeltet », seier klyngeleiar Brynjulf Stige ved Griegakademiet, UiB. Foto: Privat.*

## 4 Tenesteutvikling

Framleis er det eit godt stykke igjen før musikkterapi er tilgjengeleg for brukarane på ein rettferdig fordelt måte, i tråd med kunnskapsgrunnlag, nasjonale føringar og brukarpreferansar. Samstundes har det musikkterapitilbodet som klyngedeltakarane kan tilby brukarane sine vore i jamn utvikling sidan Polyfon vart etablert. I det følgjande skisserer vi arbeid med tenesteutvikling i Polyfon i 2020, der vi først presenterer aktiviteten i klyngesamarbeidet og dernest indikatordata på aktuell samfunns effekt, før vi vurderer og diskuterer erfaringar og resultat.

### Aktivitet

#### Utvikling av nye musikkterapeutstillingar

Følgjande deltakarar i klynga lyste ut ei eller fleire musikkterapistillingar i 2020:

- Bergen kommune, Etat for barn og familie (100 % fast stilling + 50 % mellombels stilling)
- Bergen kommune, Kulturskolen (34 % vikariat)
- Bergen kommune, Tveiterås skole (100 % fast stilling)
- Griegakademiet, UiB (100 % stipendiatstilling innan feltet «globale samfunnsutfordringar»)

I tillegg lyste Kinn kommune, som samarbeider tett med klynga, ut ei 100 % prosjektstilling. Dessutan vart eit musikkterapitilbod etablert ved MO-Wergeland i Bergen, i ei 100 % mellombels stilling. Mellombelse deltidsstillingar for musikkterapeutar har også vore etablerte i samband med utviklings- og forskingsprosjekt ved Haukeland universitetssjukehus, knytt til kreftmedisin, lungemedisin og nevrorehabilitering.

#### Samarbeid om innovasjon og implementering

Som tidlegare år har klyngedeltakarane hatt høve til å søkje råd hjå klyngeleiinga i samband med utvikling og utlysing av musikkterapeutstillingar. Dette har deltakarane brukt i mindre grad i 2020 enn tidlegare år i prosjektperioden. Ein kan forstå dette på ulike måtar. Det kan vere relatert til at deltakarane sjølve byrjar å få meir kompetanse på utvikling av nye musikkterapitenester. Det er også mogeleg at andre meir tilfeldige faktorar spelar inn, som t.d. at 2020 vart eit veldig spesielt år der koronapandemien tok mykje merksemd.

Når det gjeld nye prosjektstillingar, har klyngeleiinga i større grad vorte rådspurd, og har m.a. vore involvert i utviklinga av det faglege grunnlaget for Griegakademiet si nye stipendiatstilling og for Haukeland universitetssjukehus sine mellombelse prosjektstillingar.

#### Utprøving og utvikling av nye tilbod og tenester

Ein vesentleg del av samarbeidet i klynga handlar om å prøve ut nye tilbod og tenester. Nokre døme på aktuelt arbeid med dette i 2020, er:

- Arbeidsgruppene har arbeidd aktivt med ulike utviklingsoppgåver. Døme: Arbeidsgruppa for eldre helse har lagt særleg vekt på å arbeide med å utvikle prosjekt som kan bidra til berekraftige tenestemodellar, m.a. knytt til samspel mellom utvikling av musikkterapeutstillingar og utvikling og bruk av aktuell omsorgsteknologi (sjå vedlegg 3d).
- Betanien DPS har bygd opp varierte musikkterapitilbod i ulike format, der utvikling av oppfølgings-tilbod knytt til aktivitetshuset Lundefuglen har vore sentralt i 2020. Klinikken fekk i 2020 prosjektmidlar frå Polyfon for å kunne evaluere brukarane sine erfaringar med dette spekteret av tilbod.
- Bjørgvin DPS/Bergen kommune/MOT82 har halde fram sitt utviklingsarbeid innan oppfølgingstilbod, etter ein tretrinnsmodell som legg vekt på deltakarbanar frå musikk som terapi på klinikken, som oppfølging på MOT82 og som sjølvstendig kulturaktivitet i lokalsamfunnet. Ein har søkt om og fått støtte frå Polyfon til brukarundersøkingar og til studiar av dilemma knytt til psykisk helse og stigma.
- Vestland fylkeskommune – ved Bergen Katedralskole, avd. Kyrre – fekk mot slutten av året kr. 100 000,- av Kulturtanken (finansiert av Kulturdepartementet) i støtte til prosjektet *Musikkverkstad*. Skulen skal samarbeide med musikkterapeut ved Kom Nærmere om utvikling av prosjektet, og målet er å skape ein sosial arena der elevar med psykiske utfordringar kan oppleve meistring og fellesskap.

## Arbeid med kvalitetssikring

Kunnskapsklyngas organ – som t.d. arbeidsgrupper og erfaringspanel – gjev innspel til tema og prosessar av relevans for kvalitetssikring i tenestene. Polyfons sommarstipend og utlysingar av såkornmidlar vert også ofte brukt til kvalitetssikring, t.d. til gjennomføring av brukarundersøkingar og evalueringar.

Nokre døme på aktuelt arbeid med kvalitetssikring i klynga i 2020, er:

- Bergen kommune har vald å ta utgangspunkt i problemstillingar knytt til at det i 2019 viste seg umogeleg å samle inn pålitelege indikatordata for omfang av musikkterapitenester i kommunen (sjå nedanfor). I samarbeid med kommunens Innolab, er det difor initiert ein prosess for utforsking av moglegeheiter for å utvikle registreringssystem som kan gje innsikt i omfang, kvalitet og relevans av musikkterapitenester.
- Bergen kommune, enhet for sykehjemsmedisin, har vidareutvikla arbeidet sitt med musikkterapi i møte med uro/agitasjon hos personar i dei forsterka demenseiningane i kommunen.

For fleire detaljar, sjå kapittel 3 og 5.

## Plan- og strategiarbeid

Dersom kunnskapsklynga Polyfon skal nå målet sitt om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for brukarar som ønskjer og treng det, må musikkterapi skrivast inn på ein systematisk måte i aktuelle planar i kommunar og helseføretak. Som i 2019, har Etat for barn og familie i Bergen kommune gått føre med eit godt eksempel på dette området. I mai/juni 2020 vart ein grundig rapport om implementering av musikkterapi i Barne- og familiehjelpen gjort offentleg. Rapporten ligg til grunn for dei 1,5 nye musikkterapistillingane som vart lyste ut av denne etaten i 2020.

## Indikatordata og vurderingar: *Hovudmål*

*Hovudmålet er:* Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det.

### Tal brukarar og musikkterapiaktivitet hjå deltakarane


Kommentar: I 2020 vart det ikkje spurt om / samla inn data for denne indikatoren, av di det i 2019 viste seg umogeleg å samle inn pålitelege data, utan at kommunane og helseføretaka i 2020 har fått etablert nye metodar for innsamling av slike data. Vi lar likevel rubrikken verte ståande open i denne årsmeldinga, då Bergen kommunes arbeid med tematikken (sjå punktet om kvalitetssikring over) viser at indikatoren har potensiell relevans i framtida.

### Opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR)

Som tidlegare, har Polyfon søkt Norsk pasientregister (NPR) om opplysningar om spesialisthelsetenesta sin bruk av prosedyrekodar for musikkterapi. Prosedyrekoden "IBBE00" – Musikkterapi – finst i NPR-data frå og med 2016. Frå og med 2019 vert Musikkterapi i tillegg også registrert med prosedyrekode «IBBE10», og frå og med 2020 er prosedyrekode «IBBE20» i bruk. Kodane dukkar opp i data frå sektorane i) somatikk, ii) tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og iii) psykisk helsevern for vaksne. Prosedyren dukkar ikkje opp i data frå avtalespesialistar, psykisk helsevern for born og unge og rehabiliteringsinstitusjonar.

NPR har levert tre ulike volumtal: i) Tal episodar: omfanget av polikliniske og innlagte opphald kor prosedyrekodane vert brukt, ii) Tal prosedyrar: omfanget av prosedyrekodebruk (der dette altså *kan* skje fleire gonger i løpet av *ein* episode), og iii) Tal pasientar (per sektor) som har fått musikkterapi. Ein pasient kan då ha fleire episodar.

Kommentar: Dei aktuelle prosedyrekodane har berre vore i bruk nokre få år, og det kan nok framleis variere noko kor systematisk dei vert brukte i ulike helseføretak og avdelingar. Vi har ikkje grunnar til å tru at det skulle vere systematiske skilnader mellom helseregionane når det gjeld slike feilkjelder, men det er varierende praksisar når det gjeld registrering av episodar og prosedyrar, så i det følgjande vel vi å fokusere på volumtala for pasientar.



Figur 4.1: Tal pasientar i spesialisthelsetenesta i dei fire helseregionane som i perioden 2016-2020 er registrerte med kode for musikkterapi i sektorane somatikk, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og psykisk helsevern for vaksne. Kjelde: Norsk pasientregister, som skriv frå seg ansvar for bruk og fortolking av data.

Vurdering: I alle fire helseregionane er tala framleis relativt låge, men både i Helse Sør-Øst og i Helse Vest er det ein klar vekst. Statistikken viser altså at den samla veksten i bruk av prosedyrekoden er kraftigare i Helse Vest enn i nokon annan helseregion. Her må vi ta med at folkegrunlaget er ulikt i dei to regionane, høvesvis ca. 3 millionar menneske i Helse Sør-Øst, ca. 1 million i Helse Vest, 0,7 millionar i Helse Midt og 0,5 millionar i Helse Nord. *Relativt sett er altså musikkterapi brukt i klart størst omfang i Helse Vest.* Tala frå Norsk pasientregister tyder difor på at det systematiske samarbeidet i Polyfon bidreg til at fleire brukarar får tilgang til musikkterapi. Denne slutninga vert styrkt av vurderingane som vi gjorde i årsmeldinga for 2019, der vi ut i frå ein oversikt over tal musikkterapeutstillingar (årsverk) hjå deltakarane i kunnskapsklynga såg at veksten i helseføretaka i Helse Vest byrja å auke *etter* at Polyfon vart etablert.

## Indikatordata og vurderingar: *Delmål 1*

*Delmål 1* er: MT er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.

### Tal musikkterapeutstillingar (årsverk) hjå deltakarane

Ved innsamling av indikatordata for 2020, var rapporteringa av årsverk så mangelfull at vi vel å ikkje presentere data for dette. Manglande rapportering vil i mange tilfelle truleg skuldast at klyngedeltakarane ikkje sjølve har ein full oversikt over dette, noko som kan vere forståeleg t.d. i ein stor kommune eller eit stort helseføretak. Samstundes kan det vere verdt å vurdere om slik manglande oversikt går ut over klyngedeltakarane sin kapasitet til å tenkje heilskapleg om musikkterapeuttilboda som vert gitt.

### Akkumulert tal strategi-/handlingsplanar hjå deltakarane der musikkterapi er inkludert

I lista nedanfor, er nyoppføringar for 2020 markerte med **grøn skrift**, og for 2019 eller tidlegare med svart. Årstala referer til det året planar vart vedtatt, ikkje nødvendigvis det året vedtaket vart rapportert i innsamling av indikatordata. Følgjande planar der musikkterapi er inkludert er då rapporterte inn pr 2020:

## Bergen kommune

- 2019: Handlingsplan for arbeid og aktivitet for rusavhengige 2019-2022

## Bergensklubben (fram til 30.11.2019):

- Strategiske føringer for Bergensklubben: Frå 2014-2019. Prosjekt Musikkterapi «Implementering av musikkterapi i BKL»

## Helse Bergen

- Øyane DPS: Musikkterapi inkludert i FACT teamet som starta opp i 2020.
- AFR: Strategi for utvikling og organisering av musikkterapi i AFR. Dette er et mandat gitt til musikkterapeutane i 2020 og er ennå i prosess.

## Helse Førde – BUP

- Kompetanseplan for seksjonen
- Forskningsplan for musikkterapi i arbeid med utviklingstraumatiserte barn

## NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus:

- Strategi- og handlingsplan 2017-2020
- Strategi- og handlingsplaner 2021-2024

## Sogn og Fjordane Fylkeskommune

- 2019: Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027

Vurdering: I diskusjonar i klyngas styringsgruppe og arbeidsgrupper vert behovet for å forankre implementering i aktuelle planar ofte framheva. Det er relativt få nye planar der musikkterapi er inkludert hjå klyngedeltakarane i 2020, så dette kan vere eit punkt som det er grunn til å sjå nærare på. Kva føresetnader må vere på plass for å styrke forankring i strategi-/handlingsplanar og kva prosessar er det som gjev best resultat?

## Tal nasjonale styringsdokument med føringar om implementering av musikkterapi

Prosjektleiinga har identifisert følgjande nye offentlege dokument med omtale av musikkterapi i 2020:

• NOU-ar (Noregs offentlege utgreiingar) <sup>1</sup>	1
• Nye Stortingsmeldingar	0
• Nye nasjonale, faglege retningslinjer	0

Vurdering: Metodikken for innsamling av data baserer seg på at prosjektleiinga «følgjer med» og dessutan gjennomfører søk på nett. Dette er neppe ein metodikk utan feilkjelder, og nye/andre metodar bør vurderast. Vi har likevel tatt innsamla data med her, då det gjev eit bilde av kor mange styringsdokument frå regjering, departement og direktorat som omtalar musikkterapi, noko som igjen vil seie noko om kor kjend og anerkjend fagfeltet er i det norske ekspertbyråkratiet og det politiske miljøet. Samstundes er truleg innhald og kvalitet i omtalen av musikkterapi i dei ulike dokumenta like interessant som sjølve talet på dokument (sjå fotnotane for referanse til aktuelle dokument). Kva utgreiingar, meldingar og retningslinjer som *ikkje* tek opp problemstillingar rundt musikkterapi kan også vere verdt ein refleksjon. Vi kan t.d. merke oss Meld. St. 24 (2019 –2020) om lindrande behandling, der musikkterapi ikkje er omtala i det heile, trass i lovande praksis og forskning på dette området.

<sup>1</sup> NOU 2020: 1. Tjenester til personer med autismspekterforstyrrelser og til personer med Tourettes syndrom.

## 5 Forsking og innovasjon

Polyfon arbeider for at det skal verte gode vilkår for forskning og innovasjon innan musikkterapi hjå alle deltakarane i kunnskapsklynga. Samhandling og samarbeid mellom aktørane i klynga er eitt av verkemidla for å realisere dette. Her følgjer først ein presentasjon av aktivitet, dernest av indikatordata, med kommentarar og vurderingar.

### Aktivitet

#### Polyfon sommarstipend for musikkterapistudentar

Følgjande sommarstipend vart tildelte i 2020:

- David Hope Solberg og Eirik Sæle (rettleiar Viggo Krüger): Kr. 18 000,- kvar til prosjektet «Utvikling av evalueringsverktøy for EVU-kurs, MUTP640 Musikk i førebyggjande arbeid med barn og unge».

#### Nye forskingsprosjekt som fekk tildelt Polyfon såkornmidlar

Følgjande prosjekt fekk tildelt Polyfon såkornmidlar i 2020:

- Betanien DPS, ved psykolog Helga Myrseth og musikkterapeut Vegard Gunnarskog Wikne: kr. 55000,- til prosjektet «En eksplorerende multi-kasus-studie av pasienters bedringsprosess gjennom musikkterapi».
- Betanien DPS & Helse Bergen, Bjørgvin og Øyane DPS, ved musikkterapeutane Vegard Gunnarskog Wikne, Lars Tuastad og Malena Grov Ottesen – saman med medforskarane Bjarte Johansen og Ann Therese Blakstad: kr. 50 000,- til prosjektet «Musikkterapi i koronaens tid».
- Griegakademiet, UiB, ved førsteamanuensis Viggo Krüger: kr. 60 000,- til prosjektet «JamLab» om musikkterapi som førebyggjande og helsefremmande skulefritidsstiltak på barnetrinnet.
- Griegakademiet, UiB & Helse Bergen, Bjørgvin DPS, ved førsteamanuensis/musikkterapeut Lars Tuastad m.fl.: kr. 50 000,- til prosjektet «Bruker spør bruker: Evaluering av musikkterapitilbudet ved Bjørgvin DPS og MOT82».
- Griegakademiet, UiB & Helse Bergen, Bjørgvin DPS, ved førsteamanuensis/musikkterapeut Lars Tuastad m.fl.: kr. 50 000,- til prosjektet «Frå behandling til indierock – ein casestudie av samfunnsmusikkterapi i psykisk helsefeltet.»
- Helse Bergen, Bjørgvin DPS/Bergen kommune, ved musikkterapeut Lars Tuastad og medforskar Bjarte Johansen: kr. 50 000,- til prosjektet «Frå MOT82 til MOT2020» med evaluering av eit musikkoppfølgingstilbod som skal hjelpe personar med psykiske utfordringar til å delta i musikk- og kulturaktivitetar i lokalsamfunnet.
- Helse Bergen, Lungeavdelinga ved Haukeland universitetssjukehus, ved overlege og forskar Margrethe Aase Schaufel: kr. 100 000,- til prosjektet «Musikkterapi for pasientar med uhelbredeleg lungesjukdom».
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus, ved musikkterapeut Sunniva Kayser Ulstein: kr. 100 000,- til prosjektet «DysfaSing – Hjemmebasert musikkterapi som forebyggende behandling for utvikling av dysfagi (svelgevansker) i tidlig fase av Huntingtons sykdom» (pilot til et ph.d.-prosjekt).

#### Aktuelle forskingsprosjekt støtta med Polyfon såkornmidlar

- Claire Ghetti, Griegakademiet, UiB: «Evaluating the feasibility of ‘LongSTEP – Longitudinal Study of music therapy’s effectiveness for premature infants and their caregivers’». Funn frå denne studien er brukt i arbeidet med studieprotokollen til det store internasjonale LongSTEP-prosjektet. Artikkel under arbeid.
- Steinar Hjelmbrekke (AFR, Helse Bergen), Katharina Enehaug Morken og Claire Ghetti (UiB): «En kvalitativ studie av betydningen av musikkterapi i sosial recovery for personer med rusmiddelproblemer og ADHD». Artikkel under arbeid.

## Aktuelle forskingsprosjekt som involverer direkte forskingssamarbeid med Polyfon

- Gunn Karoline Fugle, Førde BUP, Helse Førde: «Musikkterapi for barn med traumerelaterte reguleringsvanskar». Forarbeid til ph.d.-prosjekt med rettleiarar frå UiB, HVL og UiO: Brynjulf Stige, Anne-Grethe Halding og Unni Johns.
- Heine Steinkopf, RVTS, Haukeland universitetssjukehus: ““Being the Instrument of Change”: Staff Experiences of Developing Trauma-informed Practice in a Norwegian Child Welfare Residential Care Unit.” Ph.d.-prosjekt med rettleiarar frå Haukeland universitetssjukehus, NORCE og UiB: Dag Nordanger, Anne Marita Milde og Brynjulf Stige.
- Kjetil Vikene, Psyk.fak., UiB + Haukeland universitetssjukehus: postdoktorprosjekt om rytme, musikkterapi og Parkinsons sjukdom, finansiert av NFR og knytt til professor Karsten Spechts forskargruppe, med samarbeid med fleire forskarar ved UiB og Haukeland universitetssjukehus. Polyfon er involvert i utviklinga av intervensjon og kvalitative intervju av deltakarar.
- Christine H. Ødegaard, Haukeland universitetssjukehus: «Medication free treatment in psychosis: The meaning of choice for people with lived experiences of psychosis – A qualitative exploration». Ph.d.-prosjekt med rettleiarar frå tre ulike UiB-fakultet: Ingunn Marie S. Engebretsen, Marius Veseth og Brynjulf Stige. Periode: 2017-2020. Finansiering: Haukeland universitetssjukehus.

## Andre prosjekt knytt til Polyfon-samarbeidet på ulike måtar

Fleire prosjekt ved GAMUT og/eller ved dei andre deltakarane i klynga er knytt til Polyfon-samarbeidet på ulike måtar. Her tar vi med følgjande døme:

- Christian Gold, Claire Ghetti og Lucja Bieleninik, GAMUT, NORCE og UiB: “Longitudinal Study of music Therapy’s Effectiveness for Premature infants and their caregivers: international randomized trial (LongSTEP).” Periode: 2018-2022. Finansiering: NFR.
- Christian Gold, GAMUT, NORCE m.fl.: “Music Interventions for Dementia and Depression in Elderly Care (MIDDEL).” Periode: 2017-2023. Finansiering: EU Joint Programme – Neurodegenerative Disease Research (JPND).
- Minna Hynninen, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus: «Musikkterapi for behandling av angst og depresjon hos personer med kognitiv svikt/mild demens». Prosjektet er ein del av ph.d.-arbeidet til psykolog Kristine Madsø. Finansiering: Polyfon, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus.
- Guro Parr Klyve, GAMUT, UiB: «Musikkterapi med barn på sykehus i psykisk helsevern». Ph.d.-prosjekt om musikkterapi på sjukehus for born i psykisk helsevern. Periode: nov. 2016-nov. 2021. Finansiering: UiB.

## Indikatordata og vurderingar: *Delmål 2*

*Delmål 2* er: Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.

### Tal NVI-registrerte publikasjonar i følgje Cristin

NVI-registrerte publikasjonar dei siste to åra fordeler seg slik:

	2019	2020
Publikasjonar nivå 1	15	14
Publikasjonar nivå 2	3	4

Kommentar: Vedlegg 2 gjev ei liste over dei aktuelle publikasjonane.

Vurdering: Vi ser at publiseringsaktiviteten i klynga er relativt stabil, med 18 NVI-registrerte publikasjonar både i 2019 og 2020. Tre av klyngedeltakarane har vore involverte i publiseringsaktiviteten (sjå vedlegg 2). Det er eit mål at det talet kan auke i åra framover, etter kvart som klynga sitt arbeid med å fremme praksisnær forskning i tenestene får endå meir vind i segla. Det er også eit mål at samarbeid mellom klyngedeltakarane om publisering skal auke.

## Søknadsaktivitet knytt til Polyfons utlysingar

Følgjande søknadsaktivitet og tildelingar er registrerte for dei siste seks år:

Så Kornmidlar/år	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Søknadssum	450 900	228 200	513 300	375 000	270 000	515 000
Innvilga sum	250 900	228 200	280 000	375 000	210 000	515 000
Tal søknader	7	2	7	4	4	8
Tal innvilga søknader	6	2	5	4	3	8

Tabell 5.1: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons prosjektmidlar (så kornmidlar) 2015-2020.

Kommentar: Alle søknader er vurderte av ein vitenskapleg komité med erfarne forskarar med professor-kompetanse. Klyngeleiinga er ikkje involvert i vurderingsprosessen, og har difor bidratt med rettleiing av søknader etter førespurnad, og vil halde fram med det. Søknadsskrivekurs har vorte arrangert ved behov.

Vurdering: Hovudtendensen er at søknadsmengda har auka over tid, men med ein del variasjonar. I 2020 var det det høgaste talet søkjarar og den høgaste tildelingssummen som klynga har hatt nokon gong. Vi ser at alle søknadene fekk tilslag dette året, noko som vil tilseie at det var jamt god kvalitet over søknadene. Samstundes ønskjer vi å vidareutvikle klyngas arbeid med å løfte kvaliteten på søknader, då det jo er eit mål at klynge-samarbeidet over tid også skal styrke klyngedeltakarane sin kapasitet til å konkurrere om eksterne midlar. På sikt kan det også vere ønskjeleg å auke talet på søknader. Ikkje alle klyngedeltakarane brukar Polyfons utlysingar av prosjektmidlar aktivt, og for å sikre praksisnær og brukarorientert forskning i musikkterapi, vil det vere viktig å auke forskingsaktiviteten i tenestene dei komande åra.

Sommarstipend/år	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Søknadssum	56 000 <sup>2</sup>	144 000	144 000	0	126 000	36 000
Innvilga sum	84 000	144 000	144 000	0	126 000	36 000
Tal søknader	2	3	3	0	4	1
Tal innvilga søknader	2	3	3	0	4	1

Tabell 5.2: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons sommarstipend for studentar 2016-2020.

Kommentar: Søknadene til Polyfons sommarstipend for studentar vert utvikla i samarbeid med forskarar ved GAMUT, så desse søknadene vert kvalitetssikra også på den måten. Vi har lyst ut 4 stipend per år, men søknadsmengda har variert frå år til anna. Av ulike årsaker var 2020 eitt av dei åra med færrest søknader.

Vurdering: Sommarstipenda byggjer fagleg engasjement og kompetanse hjå morgondagens musikk-terapeutar, så det vil vere ønskjeleg å stabilisere og auke søknadsmengda til denne ordninga.

<sup>2</sup> Den eine søknaden var på 2 halve stipend, men i samråd med rettleiar vart det gjort om til 2 heile stipend, difor er innvilga sum høgare enn søknadssum.



Karoline Widding si kartlegging av musikkterapienester for born og unge på Vestlandet, initiert gjennom eit Polyfon sommarstipend i 2019 og vidareutvikla i 2020 i samarbeid med forskarane Maren Metell og Karin Mössler frå NORCE, eksemplifiserer den verdien eit sommarstipendprosjekta kan ha for utvikling av fagfeltet (sjå kapittel 6 om implikasjonar for utdanning). Teikning: Maren Metell.

### Søknadsaktivitet knytt til andre instansar

Klyngedeltakarane si rapportering på dette punktet var så mangelfull at vi her ikkje kan presentere noko data. Manglande rapportering skuldast etter det vi er kjende med ikkje manglande aktivitet, men forhold knytt til sjølve rapporteringsprosedyren.

Kommentar: På same måte som det er eit mål for klynga å auke tal deltakarar som publiserer, er det sjølvstgt eit mål å auke tal klyngedeltakarar som utarbeider forskingssøknader. Vi vil i framtida vurdere om det er mogeleg å forbetre rapporteringsprosedyrane, eller om indikatoren må gå ut.

## 6 Utdanning

Gode utdanningstilbud er ein føresetnad for kvalitet i dei andre aktivitetsområda i kunnskapsklynga. Her følgjer først presentasjon av aktivitet i 2020, dernest av indikatordata, med kommentarar og vurderingar.

### Aktivitet

#### UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi

For Griegakademiet si femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi, er det eit mål at Polyfon skal fungere som ei kontaktflate med tenestene. Fagmiljøet arbeider kontinuerleg med revisjonar i studieplanen, og innspel frå Polyfon-samarbeidet er ein del av grunnlaget for dette.

Eit viktig innspel i 2020 kom gjennom rapporten «Kartlegging av musikkterapitjenester for barn og unge på Vestlandet», utarbeidd av musikkterapistudenten Karoline Widding og musikkterapeutane/forskarane Karin Mössler og Maren Metell. Rapporten viser at det er langt igjen før born og unge i regionen har det musikkterapitilbodet dei burde ha, og dessutan at det er behov for å setje søkjelys på fagleg utvikling av musikkterapitilbod innan pedagogiske og spesialpedagogiske kontekstar. Rapporten konkluderer difor med at det ville vere relevant at musikkterapiutdanninga la meir vekt på entreprenørskap, og også at undervisning om musikkterapi i pedagogiske kontekstar bør styrkast. Rapporten, som vart finansiert gjennom eitt av Polyfons sommarstipend for studentar (tildelt i 2019), vart ferdig like før jul 2020 (og vart på nyåret 2021 sendt over til programstyret for musikkterapiutdanninga).

Studentane ved studiet har elles vore knytt til kunnskapsklynga Polyfon på ulike vis også i 2020, gjennom prosjekt, sommarstipend, deltaking på seminar/webinar, osb.

#### Etter- og vidareutdanningstilbod

Etter- og vidareutdanningstilbod kan springe ut av behov meldt frå praksisfeltet og/eller moglegheiter synleggjort av forskings- og utviklingsprosjekt.

I 2020 etablerte Griegakademiet, UiB, eit nytt vidareutdanningstilbod for lærarar, i to modular: MUTP640 og MUTP641 «Musikk i førebyggjande arbeid med born og unge». Tilbodet sprang ut av det Erasmus+-finansierte STALWARTS-prosjektet om relasjonell helse i skulen. Dei første 25 studentane vart tatt opp til første undervisningssamling tidleg i mars 2020. Studentane kom frå Agder i sør til Troms i nord. Dei fleste var tilsett i skulen eller kulturskulen, men fagpersonar frå universitets- og høgskulesektoren og helse- og omsorgssektoren var også representerte i studentgruppa. Korona-epidemien kravde etterkvart tilpassingar i undervisningsopplegget. Epidemien gjorde det etter kvart krevjande å vere student, så vi vurderer det som eit godt resultat at heile 21 av 25 studentar i løpet av året fullført dei 10 studiepoenga som desse to emna gjev. Nytt opptak er lyst ut for 2021, med mogleg justering av oppstartstidspunkt p.g.a. epidemien.



*Kjetil Vikene (UiB) og Dag Nordanger (RVTS Vest) var blant dei mange dyktige førelesarane på Griegakademiet sitt nye vidareutdanningstilbod om musikk i førebyggjande arbeid med born og unge. Foto: Brynjulf Stige, UiB.*

Erfaringa er at slike etterutdanningstilbod kan bidra til å byggje føresetnader for utvikling av nye tenester og tilbod. Pådrivarane bak utviklingsprosjektet «Musikkverkstad» ved Bergen katedralskole, avd. Kyrre (sjå kapittel 4), er t.d. blant dei som i 2020 tok emna MUTP640 og MUTP641 «Musikk i førebyggjande arbeid med born og unge».

### Spesialistutdanning for musikkterapeutar

Sidan september 2016 har styringsgruppa for Polyfon fleire gongar drøfta relevansen av spesialistutdanningstilbod for musikkterapeutar og også etterspurt slik utdanning. Desse innspela har vore grundig diskuterte i fagmiljøet ved Griegakademiet, og i 2018 utarbeidde instituttleiar Randi Rolvsjord og Polyfons prosjektleiar ein søknad til UiB om støtte til utgreiing av mogelegheiter for ei slik spesialistutdanning. I desember 2018 fekk Griegakademiet kr. 200 000 i støtte frå UiB til dette, og til utvikling av to etterutdanningsmodular. Arbeid med dette var ei prioritert oppgåve i 2019, der leiaren for klynga var skrivar for eit nasjonalt utval som leverte utkast til utgreiing 31. desember 2019. Utkastet vart diskutert i januar 2020 på ein innspels-konferanse i regi av «firepartssamarbeidet» mellom Norsk foreining for musikkterapi, CREO, Norges musikkhøgskole (NMH) og Griegakademiet, KMD, UiB. Ein endeleg versjon av utgreiinga vart så levert til NMH og KMD i mai 2020. Spørsmålet vil verte drøfta på nytt i «firepartssamarbeidet» i 2021.

### Emne om musikkterapi i andre profesjonsutdanningar

I løpet av 2019 starta Det medisinske fakultet, UiB, arbeidet med å utvikle av valemnet ELMED230 Musikk og hjernen. Emnet er for medisinarstudentar, og undervisning om musikkterapi inngår. I januar 2020 vart det undervist i emnet for første gong, der det hadde meldt seg på medisinstudentar både frå UiO og UiB. Undervisarar for det første kullet var Geir Olve Skeie frå Griegakademiet/Haukeland universitetssjukehus; Stefan Koelsch, Karsten Specht og Kjetil Vikene frå Det psykologiske fakultet, UiB; Simon Gilbertson og Brynjulf Stige frå Griegakademiet, UiB. Geir Olve Skeie er emneansvarleg for det nye emnet, som er tredelt: a) ein introduksjon til dei fysiologisk prosessane som ligg til grunn for menneskeleg musikalitet, b) kunnskap om korleis langvarig bruk av musikk kan endre hjernen, c) ein oversikt over kva konsekvensar dette kan ha for bruk av musikk for læring og kognisjon og for musikkterapi i medisinske kontekstar.

## Indikatordata og vurderingar: *Delmål 3a*

*Delmål 3a* er: Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang

### Søkjartal, studieplassar og uteksaminerte kandidatar ved musikkterapistudiet

Følgjande tal er rapporterte inn for det femårige integrerte masterprogrammet i musikkterapi:

Søkjartal og studieaktivitet / År	2019	2020
Søkjartal MT-studiet ved UiB: totalt	148	153
Søkjartal MT-studiet ved UiB: førsteprioritet	50	45
Søkjartal MT-studiet ved UiB: påmeldt opptaksprøve	53	40
Studieplassar ved MT-studiet ved UiB	14	18
Uteksaminerte kandidatar frå MT-studiet ved UiB	11	12

Tabell 6.1: Søkjartal og studieaktivitet for perioden 2019-2020.

Kommentar: Polyfon har ikkje samla inn data frå tidlegare år for samanlikning, men etter det vi forstår har søknadstala til musikkterapistudiet ved UiB vore stabile dei siste åra. Det mest avgjerande er elles ikkje totalt søkjartal, men kor mange søkjarar som faktisk melder seg på opptaksprøve. Nivået på søknadsprøvene – altså kor mange av dei som kjem til opptaksprøve som faktisk er kvalifiserte – er sjølvsagt også særskilt viktig.

Vurdering: Polyfon bidreg truleg til fleire musikkterapistillingar og -tilbod (kapittel 4), til meir kunnskap om musikkterapi (kapittel 5) og til meir kjennskap til musikkterapi i samfunnet (kapittel 7). Det er nærliggjande å anta at dette kan ha positiv effekt på rekruttering til musikkterapistudiet, men førebels er altså søkjartala

stabile, slik at det ikkje er ein openberr effekt å sjå. Skal Polyfon nå sitt mål om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for alle som ønskjer og treng det, må talet på søkjarar til musikkterapistudiet ytterlegare opp. Dette er difor ein viktig tematikk for kunnskapsklynga å følgje opp. Eitt spørsmål kan vere om aktuell informasjon faktisk når ut til dei det gjeld. Med andre ord: Har ungdom som skal vurdere framtidig utdanning tilgang til god nok informasjon om musikkterapi som eit fagfelt i rask utvikling, og om musikkterapeut-profesjonens mogelegheiter til å arbeide med musikk, relasjonar, brukarmedverknad og samfunnsdeltaking?

### Indikatordata og vurderingar: *Delmål 3b*

*Delmål 3b* er: Emne og/eller kurs om MT er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar.

Innsamling av indikatordata for dette delmålet er sett på vent inntil vidare.

## 7 Formidling

Formidling er ein viktig del av Polyfon-samarbeidet, og også i 2020 har det vore arbeid med dette på fleire ulike måtar. Her følgjer først presentasjon av sentral formidlingsaktivitet i Polyfon, dernest av indikatordata, med kommentarar og vurderingar.

### Aktivitet

Polyfon deltar i det offentlege ordskifte om musikkterapiens utvikling, gjennom ulike typar aktivitet.

#### Polyfon og GAMUTs nettsider

Polyfon har ei eiga nettside<sup>2</sup>, som ei underside av forskingsenteret GAMUT si nettside<sup>3</sup>. Her legg vi ut generell informasjon om kunnskapsklynga, lenker til Polyfon-nytt, årsmeldingar, kunngjeringar, utlysingar, osv. Nettsida vart oppdatert og vidareutvikla i 2019, m.a. ved vidareutvikling av dei ulike retningslinjene for søknad og ved etablering av Polyfon-bloggen. [Kunnskapsbeskrivingane](#) på GAMUT si nettside er relevante for Polyfon-samarbeidet, då dei gjev tenestene oppdatert informasjon om forskingslitteratur på evidensgrunnlag, arbeidsmåtar og brukarerfaringar.

#### Polyfon-nytt

Bulletengen «Polyfon-nytt» kom i 2020 ut med 7 nummer, mot 5 i 2019, 7 i 2018 og 4 dei tidlegare åra. Bulletengen formidlar stort og smått av nyhende frå samarbeidet i klynga.

#### Polyfons Facebook-side og andre initiativ på sosiale medium

Hausten 2017 vart Polyfons Facebook-side etablert, med nye innlegg dei fleste dagar. Her formidlar vi små og store nyhende i kunnskapsklynga, med informasjon om praksis, forskning, utdanning, seminar og konsertar. Vi legg vekt på å formidle stoff som er relevant for både brukarar, fagpersonar, leiarar og ålmenta. Interesse for Facebook-sida har vore jamt aukande. Det har i 2020 som tidlegare år også vore aukande aktivitet blant fleire av klyngedeltakarane når det gjeld spreiding av informasjon om musikkterapi på sosiale medium.

#### Musikkterapodden

Eit nytt og viktig formidlingsinitiativ i 2020 var podkasten Musikkterapodden, som har fått økonomisk støtte frå Polyfon og har utvikla seg til ei viktig kjelde til informasjon om musikkterapi. Episodane har lagt vekt på å få fram breidda i feltet og eit mangfald av perspektiv, frå brukarar, musikkterapeutar og fagpersonar frå andre profesjonar. 9 episodar vart produserte i 2020 og ein ny sesong er venta i 2021.



*Musikkterapodden er etablert av musikkterapeutane Malena Grov Ottesen (Helse Bergen) og Gerd Karine Lunde Torsvik (Bergen kommune) og har for mange vorte ein viktig kjelde til informasjon om musikkterapi. Foto: Musikkterapodden.*

<sup>3</sup> I 2020 var dette situasjonen. Nettsideinformasjonen ligg i dag på klyngas nye nettside [www.uib.no/polyfon](http://www.uib.no/polyfon)

## Film

Med støtte frå Polyfon, Bjørgvin DPS og andre støttespelarar kunne bandet Soul Party under koronavåren 2020 glede mange med premiere på ein film om lanseringskonserten for plata «Wicked Times».

I løpet av hausten 2020 fekk Polyfon produsert to enkle informasjonsfilmar i samarbeid med Simon Gilbertson ved Griegakademiet. Begge filmene vart brukte under webinar 26. oktober for potensielle deltakarar i klyngesamarbeidet. Den eine filmen fokuserte på erfaringskonsulenten Morten Sommerbakk sine personlege erfaringar med å bruke musikkterapi som ein veg ut av langvarig rusmisbruk. Den andre filmen gav vinnar av Forsker Grand Prix 2020, NORCE-/GAMUT-stipendiaten Tora Söderström Gaden, høve til å formidle erfaringar frå det NFR-finansierte prosjektet LongSTEP om musikkterapi med for tidleg fødde spedborn og familiane deira. Begge desse nye Polyfon-filmene vil verte gjort tilgjengelege på Polyfons nettside tidleg i 2021.

## Publikasjonar og konferansepresentasjonar

Polyfon har ei eiga brosjyre som er tilgjengeleg i papirutgåve og på kunnskapsklyngas [nettside](#).

Forskningsartiklane som vart publiserte i 2020, er allsidige og gjev fleire gode døme på formidling av praksisrelevant forskning på høgt nivå, sjå vedlegg 2.

I 2020, som tidlegare år, var det fleire masteroppgåver i musikkterapi som er av direkte relevans for Polyfons arbeid. Vi kan nemne fire eksempel som spesifikt tematiserer musikkterapeutens yrkesrolle, nemleg a) Tobias Jørgensen Mannes si oppgåve om samarbeid mellom musikkterapeutar og andre fagpersonar som arbeider med musikk, b) Frida Riisnes si oppgåve om recovery-orientert musikkterapi for psykosepasientar, c) Lars Hjalmar Holm Rosvoll si oppgåve om musikkterapeuten som rettleiar, og c) Pablo Ariel Leiva Tellez si oppgåve om implementering av musikkterapeutisk praksis i psykisk helse-feltet. Desse, og andre relevante masteroppgåver i musikkterapi kan lastast ned frå [BORA](#), UiBs opne forskingsarkiv.

## Arrangement

På grunn av korona-epidemien, vart 2020 eit veldig spesielt år når det gjeld arrangement. Nokre arrangement rakk vi å gjennomføre før epidemien slo inn for alvor, nokre vart gjort om til webinar, medan andre igjen – som t.d. Polyfon-konferansen – vart utsette. Nedanfor følgjer ei liste over arrangement Polyfon anten arrangerte eller støtta økonomisk:

- 31. januar arrangerte Nettverk for musikkterapi i barn og unges oppvekst eit seminar i Bergen med musikkterapeuten Gunn Karoline Fugle frå Førde BUP. Temaet var musikkterapi med born og unge med utviklingstraumar. Seminaret fekk støtte frå Polyfon.
- 20. februar arrangerte Nettverk for musikkterapi i barn og unges oppvekst «MORO-konferansen 2020», med støtte frå NFR og Polyfon. Initiativtakarar var Maren Metell, Karin Mössler og Viggo Krüger (GAMUT, NORCE & UiB), i godt samarbeid med forskarar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).
- 5. april var vi inne i koronaens tid, med behov for digitale tilbod. Palmesøndag kl. 18.00 lanserte Polyfon i samarbeid med Bjørgvin DPS filmen frå Soul Partys lanseringskonsert «Wicked Times» på Victoria Cafe & Pub i Bergen i 2016. Filmene var ikkje publisert tidlegare og vart lansert som ei gåve frå bandet til dei som hadde behov for musikk i ei vanskeleg tid med sosial distansering.
- 11. april vart dei to første episodane av Musikkterapodden gjort tilgjengelege på Soundcloud, Apple og Spotify, med støtte frå Polyfon.
- 12. oktober arrangerte Polyfon eit webinar med fagrådet for klynga (Scientific Advisory Committee). Seminaret var ope for alle som er knytt til Polyfon-samarbeidet. Tema var «Forskning og praksis – hand i hand?», med faglege innlegg av Kjetil Vikene (UiB), Nina Bolstad & Kaja Elise Enge (Bergen kommune) og Helga Myrseth & Vegard Wikne (Betanien DPS). Fagrådet var som tidlegare år sett saman av profilerte internasjonale forskarar: musikk sosiologen Tia DeNora (University of Exeter), psykiateren Lars Lien (NKROP, Sykehuset Innlandet), musikkterapiforskaren Katrina McFerran (University of Melbourne) og psykiateren Peter Tyrer (Imperial College, London).

- 22. – 24. oktober arrangerte Bjørgvin DPS (Helse Bergen) Strøymefestivalen Gjenklang 2020, med støtte frå Polyfon. Det vart ein flott strøymefestival, med 23 artistar fordelte på tre kveldar i Hulen!
- 26. oktober arrangerte Polyfon eit webinar for potensielle nye deltakarar i klynga. Webinaret var tredelt, med vekt på: 1) Kvifor musikkterapi? 2) Korleis verkar Polyfon?, og 3) Spørsmål og kommentarar. Disse var involverte frå Polyfon: Tora Söderström Gaden (NORCE), Bjarthe Johansen (Polyfons erfaringspanel), Geir Lien (Helse Bergen) og Brynjulf Stige (UiB).
- 1.-24. desember la fleire Polyfon-deltakarar ut fine musikkrelaterte adventskalendrar, inkludert Strøymefestivalen Gjenklang 2020 og RVTS Vest.

I tillegg kjem fleire relevante konsertar og seminar arrangerte av klyngedeltakarane sjølv, utan direkte støtte frå Polyfon.



*Strøymefestivalen Gjenklang 2020 vart realisert gjennom eit fint samarbeid mellom erfaringskonsulentar, musikkterapeutar, musikkpedagog, musikkterapistudentar m.m., der Bjørgvin DPS stilte med sin IT-konsulent som kameramann. Her ser vi musikkterapeutane Steinar Hjelm-brekke (Afdeling for rusmedisin, Helse Bergen) og Tor Øyel Kvitne (Voss DPS NKS Bjørkeli). Foto: Øystein Lydvo, Helse Bergen.*

## Polyfon-konferansen

Årlege Polyfon-konferansar vart etablert som konsept i 2017. Intensjonen er å formidle kunnskap og erfaringar og å byggje det samhaldet og samarbeidet som ei kunnskapsklynge treng for å fungere optimalt.

Konferansen for 2020 var planlagt til 10. november, med temaet «Veier til ny praksis – Musikkterapi og implementering». Konferansen er utsett til november 2021 grunna koronasituasjonen. Programmet vert i hovudsak det same som det som var planlagt for 2020, og Legeforeningen har godkjent konferansen som valfritt kurs i fleire spesialistutdanningar, nemleg: Allmenntilleggsmedisin, Psykiatri, Barne- og ungdomspsykiatri, Rus- og avhengigheitsmedisin og Samfunnsmedisin.

## Indikatordata og vurderingar: *Delmål 4*

*Delmål 4* er: Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

### Tal medieoppslag om musikkterapi

Nasjonale medieoppslag, ein synleg profil i sosiale medium og oppslag om musikkterapi på utvalde offentlege nettsider kan seie noko om i kva grad klynga maktar å realisere delmål 4:

Tal for ulike typar medieoppslag om musikkterapi	2019	2020
Tal nasjonale medieoppslag om musikkterapi, nett- og papirkjelder. Søkeord: <i>musikkterapi</i> og/eller <i>musikkterapeut</i>	487	424

Akkumulerte tal: sosiale medium og oppslag på utvalde nettsider		2019	2020
Tal likarklikk og følgjarar på Polyfons Facebook-side	Likarklikk side	2047	2407
	Følgjarar side	2073	2481
Oppslag om musikkterapi på utvalde offentlege nettsider	bufdir.no	1	2
	helsedirektoratet.no	7	11
	stortinget.no	53	55

Kommentar: Tala for likarklikk og følgjarar på Facebook-sida var høvesvis 1097 og 1164 31. desember 2018, noko som då tilseier at veksten var på ca. 1000 i 2019 og ca. 400 i 2020. Tal for delingar og annan aktivitet gjennom året har vi førebels ikkje tal for.

Vurderingar:

- Sjølv om ein har prøvd å halde klyngeaktiviteten oppe, med webinar i staden for seminar og konferansar m.m., har det vore noko redusert fagleg aktivitet i klynga og difor også litt færre nyhende å rapportere om i media.
- Tal nasjonale medieoppslag må kunne seiast å vere ganske høgt for eit såpass lite fagfelt. Talet har gått litt ned for 2020, noko som kan vere tilfeldig eller skuldast pandemien.
- Når det gjeld tal følgjarar på Facebook, er Polyfons side er den med flest følgjarar og størst aktivitet/engasjement innan musikkterapifaget i Noreg. Facebook-sida viste vidare vekst i 2020, men i lågare tempo enn åra før.
- Vi registrerer at det framleis er ganske få oppslag om musikkterapi på bufdir.no og helsedirektoratet.no<sup>4</sup>. Her må det vere eit forbettringspotensiale, spesielt dersom praksisfeltet og forskingsaktiviteten held fram med å utvikle seg.
- Samla sett er musikkterapi meir synleg i samfunnet enn tidlegare, slik at spørsmålet ikkje berre er korleis få merksemd, men kva vi ønskjer å bruke denne merksemda til.

---

<sup>4</sup> Disse indikatorane har manglar, då det er tilfeldige endringar i korleis direktorata sine sider er sett opp og brukt. Her er ikkje berre nasjonale føringar og retningslinjer m.m., men også nyhendeoppslag, informasjon om tildelingar av midlar, m.m.. Likevel, vi lar indikatorane stå som ein grov indikasjon på aktivitet/merksemd.

## 8 Samhandling

Samhandling er ein grunnidé i Polyfon og skjer på fleire arenaer, gjennom bruk av fleire reiskapar:

### Arenaer for samhandling

